

Formål

Formålet med prosedyren er rettleiing for prøvetaking til ulike fecesanalyser:

A: Tarmpatogene bakteriar, virus og parasittar

B: *Clostridium difficile* (toksinproduserande)

C: *Helicobacter pylori* antigen

D: Utvida parasittundersøking

PASIENTFØREBUING:

Generelt:

1. Prøven bør ikkje takast fredag eller laurdag pga. haldbarheit.
2. Prøven bør takast **same dag** som den kan leverast til legekontor/poliklinikk for videresending til laboratorium. Prøven bør leverast tidleg, helst innan kl. 10.30

Før prøvetaking:

1. Vask hendene før og etter prosedyren
2. Bruk til dømes ei rein potte, bekken, tom og rein isboks, papptallerken, plastfilm festa laust under toalettsetet, ei rein bleie eller rikeleg med toalettpapir i toalettskåla – slik at avføringa ikkje kjem i kontakt med vatnet i toalettet
3. Ikkje tiss på avføringa

Prøvetaking: Sjå rettleiing under aktuell fecesanalyse


Merking av prøve:

- **Hugs** å føre på **rett dato** for prøvetaking (Sjå bilete 1)
- I tilfelle der du ikkje har fått ferdigtrykt strekkode-etikett utlevert, hugs å skrive fullt namn, fødselsnummer og rett dato på prøverøyret
- Etikett, **med strekkode**, skal klistrast vertikalt/loddrett på prøverøyret (Sjå bilete 2)

Bilete 1:



Bilete 2:



A: Tarmpatogene bakteriar, virus og parasittar**B: *Clostridium difficile* toksin****C: *Helicobacter pylori* antigen****Prøvetaking:**

1. Fecal transwab skal nyttast som prøvetakingsrøyr (sjå bilete 1)

Bilete 1:



2. Ta ut pensel og prøverøyr frå pakken
3. Dypp bomullstuppen (på penselen) i avføringa, rotér til den er heilt dekt av prøvemateriale:
 - Ved slimete/blodig prøvemateriale: Velg fortrinnsvis slimklattar eller blodige porsjonar av avføringa
 - Ved svært flytande prøvemateriale: Hald bomullstuppen i den flytande avføringa til den er heilt gjennomvæta
 - Ved svært hardt prøvemateriale: Forsøk å overføra ein liten bit av avføringa til prøveglaset med penselen
 - Ved direkte prøvetaking i rektum vert det tilrådd at bomullstuppen førast inn maksimum 1 – 2 cm
4. Sett penselen tilbake i røret, og knekk av skaftet på kanten av røret. Knekkpunktet på penselen er merka med **svart** (sjå bilete 2). **Unngå** at det kjem avføring på utsida av røret!

Bilete 2:



5. Skru korken godt til. OBS: Væske i røret må ikkje renne ut, og det må **ikkje** etterfyllast med vatn
6. Skriv **rett dato** for prøvetakinga på strekkode-etiketten, og klistre den **korrekt** på prøverøret (sjå rettleiing side 1). I tilfelle der du ikkje har fått ferdigtrykt strekkode-etikett utlevert, hugs å skrive fullt namn, fødselsnummer og rett dato på prøverøret.

Oppbevaring av prøve:

1. Prøven plasserast i transporthylsa du fekk utlevert med prøverøret (sjå bilete 3)

Bilete 3:



2. Prøven bør oppbevarast kjøleg (2°C - 8°C) fram til levering

Transport:

1. Prøven må snarast råd leverast til legekontor/prøvemottak, helst tidleg same dag som prøvetakinga finn stad

D: Utvida parasittundersøking

Prøvetaking:

1. Prøverøyret utan tilsetjing skal nyttast (sjå bilete 1)

Bilete 1:



2. Skru av korken, og ta om lag 5 prøveskeier med avføring opp i prøverøyret.
Unngå at det kjem avføring på utsida av røyret!
3. Skru korken godt til
4. Skriv **rett dato** for prøvetakinga på strekkode-etiketten, og klistre den **korrekt** på prøverøyret (sjå rettleiing side 1). I tilfelle der du ikkje har fått ferdigtrykt strekkode-etikett utlevert, hugs å skrive fullt namn, fødselsnummer og rett dato på prøverøyret.

Oppbevaring av prøve:

1. Prøven plasserast i transporthylsa du fekk utlevert med prøverøyret (sjå bilete 2)

Bilete 2:



2. Prøven skal oppbevarast kjøleg (2°C – 8°C) fram til levering

Transport:

1. Prøven må snarast råd leverast til legekontor/prøvemottak, helst tidleg same dag som prøvetakinga finn stad